



Eduard Ørjan Eikeland  
Hammaren 8  
5919 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/2846 - 19/717

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:  
23.01.2019

## Godkjenning seksjonering GBNR 27/123- Moldekleiv

### Administrativt vedtak. Saknr:

### Saksutgreiing:

Kommunen har motteke søknad om seksjonering av eigdommen gbnr 27/123 i Meland, med adressene Hammaren 8A og 8B.

Seksjoneringa gjeld eksisterande godkjent einebustad med sokkel-leiligheit. Forut for denne seksjoneringa er det tildelt adressa Hammaren 8B til utleigeleiligheit og tidlegare husnummer er omadressert frå 8 til 8A. Kvar buening har eiga ytre inngangsdør og skulle hatt kvar si adresse frå før.

Bustaden består av 2 bustadseksjonar der hovudhusveret skal ha snr 2 og ha brøken 202/323. Dagens utleigeleiligheit skal ha snr 1 og ha brøken 121/323. Bygningen går over 3 etasjar og snr 1 skal bestå av underetasjen, medan snr 2 skal bestå av hovedetasje 1 og 2. Seksjonane er klart avgrensa mot kvarandre med delelinje i etasjeskille.

Det var opprinneleg søkt om tilleggssareal i grunn. Denne søknaden er trekt tilbake ( 22.01.19) og utearealet til eigdommen vert difor registrert som fellesareal i matrikkelen. For å avgjere bruk av utearealet på eigdommen, kan det avtalast eksklusiv mellombels bruksrett ( inntil 30 år) til uteareal i utvida vedtekter. (jmf § 25 i eierseksjonslova.)

Det er utarbeidd og lagt ved vedtekter for Hammaren 8, 5919 Frekhaug Sameiet Gnr 27 bnr 123 i Meland kommune.

### Vurdering:

**Postadresse**  
postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

**Kontakt**  
www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Søknad om seksjonering er innsendt i 3 eksemplar og har fylgjande vedlegg:

- Situasjonsskart innlevert med søknad viste bruksrettsgrenser til uteareal. Då slikt uteareal i grunn likevel ikkje skal registrerast i matrikkelen, har kommunen utarbeidd nytt kart i A4 format for tinglysing der utearealet er fellesareal.
- Planteikningar av bustaden- 3 plan, der seksjonsnummera og type rom er tydeleg påskrive. Planteikningane er delt på 3 vedlegg- eit for kvart plan.
- Vedtekter for Sameiet Gnr 27 Bnr 123, Hammaren 8A og 8B , som oppfyller minstekravet til slike vedtekter.
- Søknaden er signert og sendt inn av heimelshavar til eigedommen.

Etter gjennomgang av søknad med vedlegg, finn ein at søknaden stettar vilkåra i Lov om eigarseksjonar §7.

## Vedtak

Meland kommune godkjenner, i medhald av §13 i Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65, søknad om oppdeling i 2 eigarseksjonar for Sameiet Gnr 27 Bnr 123, Hammaren 8A og 8B på grunnlag av søknad med vedlegga situasjonsskart, planteikningar og vedtekter.

Seksjonane 1-2 er bustadseksjonar der seksjon 1 har sameigebrøken 121/323 og seksjon 2 har sameigebrøken 202/ 323. Dei ulike seksjonane er klart avgrensa i høve til kvarandre.

Parkering for begge seksjonane skjer på fellesareal. Eksisterande garasje på eigedommen er tilleggsareal B til Snr 2.

Seksjoneringa av eigedommen gbnr 27/123 er godkjent og ført i matrikkelen. Seksjoneringa vert sendt til tinglysing når klagefristen på 3 veker er ute, jmf Eigarseksjonslova §§ 16 og 17.

\*\*\*\*\*

Klage:

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf Kommuneloven §23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl, §27b.

Gebyr:

Det er fastsatt gebyr i medhald av § 15 i Lov om eigarseksjonar.  
Etter Meland kommune sitt gebyrregulativ for handsaming etter Lov om eigarseksjonar pkt 14.1.1 er gebyret for 2 seksjonar kr 7100,- + tinglysingsgebyr kr 525,-

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå  
fagansvarleg gis/geodata

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*